

Praksisplan

Engelsvoll skule

Klepp kommune

Skuleåret 2023/2024



Kunnskap og leik, mangfald og glede.

Velkommen som student til Engelsvoll skule

Vi gler oss til å ta imot deg som student. Det trur vi vil bli lærerikt og givande for oss og for deg. Vi vil at du som student skal oppleve å bli godt motteken og ivaretatt av både leiinga og dei andre tilsette og at du opplever at praksisperioden din blir lærerik i trygge omgivnader.

Praksislærarane våre vil ha hovudansvaret for å støtte, rettleiing og vurdere dine moglegheiter for arbeid som framtidig lærar. Praksislærarane vil difor gje deg variert praksisopplæring.

Intensjonen med denne planen er å vise at Engelsvoll skule følgjer dei nasjonale føringane i rammeplan og retningslinjer for grunnskoleutdanninga og studieprogramplanen frå UiS. Planen skal gje ei ramme for dei planane som du skal vere med å utarbeide saman med medstudentar og praksislærar.

På vegne av alle oss på Engelsvoll skule vil eg ynskje deg varmt velkommen og lukke til med praksisperioden din her hos oss.

Visjon: Kunnskap og leik, mangfald og glede

Verdiar: Respekt, ansvar, mot og omtanke, som syner seg gode i venskap og samarbeid.

Vennleg helsing

Linda Refvik

Rektor Engelsvoll skule



Kunstverk av 3. steg 2022/23

Om skulen vår

Engelsvoll skule ligg vakkert til i eit flott uteområde, med utsikt over Frøylandsvatnet på Klepp stasjon. Skulen har 25 tilsette 167 elevar fordelt på 1.-7. steg. Det har vore skule på Engelsvoll sidan 1922, og i takt med utbygging i området har skulen òg vorte utvida og modernisert dei seinaste åra. I 2014-15 vart det gjennomført omfattande rehabilitering av dei 2 eldste delane av skulen, og vi har fått utvida arealet med nytt garderobebygg og bibliotek. Skulen er rusta for eit elevtal rundt 300 elevar. På Engelsvoll skule har vi fokus på trygt, godt og inkluderande læringsmiljø, tidleg innsats, elevmedverknad og inkluderande undervisning. På heimesida vår kan du lese meir om skulen <https://www.minskole.no/engelsvoll/seksjon/8675>

Sentrale kontaktpersonar i praksisperioden:

Praksislærer: Njål Sikveland 469 53 119 (6./7. Steg)

Praksislærer: Trine Skaret 911 10 866 (3. Steg)

Praksislærer: Ellen Kristine Simonsen 924 09 113 (7. Steg)

Praksislærer: Signe Johanne Stangborli 480 35 559 (2. Steg)

Rektor: Linda Refvik 997 09 603

IKT-Ansvarleg: Njål Sikveland 469 53 119

Innhald i praksisperioden

På skule vår, ynskjer vi at du som student skal få ein variert og innhaldsrik praksis. Du vil vere knytt til ein praksislærer, samstundes som vi vil legge til rette for at du kan vere til stades hjå andre lærarar ved skulen. Vi ynskjer at praksisperioden din skal vere relevant og vil difor ta utgangspunkt i der du er med tanke på tidlegare utdanning og erfaring. For å få til ein tilpassa progresjon, er det difor viktig at praksislærer og student kommuniserer godt med tanke på ansvar og oppgåver.

Du skal:

- Observere kva som skjer i løpet av ein arbeidsdag saman med elevar og kollegaer.
- Planleggje, gjennomføre og evaluere delar av- eller heile undervisningsøkter ut frå den didaktiske relasjonsmodellen og prinsippa for baklengs planlegging.
- Prøve ut ulike arbeidsmetodar i samhandling med elevane, til dømes stasjonsundervisning, ulike par- og gruppearbeid, individuelt arbeid, drama osv.
- Vere kontaktlærer til ei mindre gruppe elevar, som du skal følgja sosialt og fagleg.

- Ta del i rettelæringsarbeidet og vurderinga av undervisningsøkter. Vi nyttar oss av prinsippa for vurdering for læring, og dette skal du få prøve ut i klasserommet. Arbeid som elevar gjer, skal vurderast etter kvart, og dei skal få framovermeldingar både munnleg og skriftleg.
- Vere ein del av kollegiet og delta i PU-økter (pedagogisk utvikling), avdelingsmøter og stegmøter.
- Delta i vaktordninga.
- Vera med på andre arenaer knytt til skulen; dette kan til dømes vere foreldremøte, utviklingssamtale, utviklingsgruppe, møte med PPT, barnevern og samhandlings- og tidleg innsats-møter.
- Kursing innanfor læringsteknologi
- Prøve ut skulen sine læremiddel, konkretiseringsmateriale og læringsbrett

Rettleia praksis:

Saman med praksislærer, skal den praksisgruppa du er i utarbeide ei praksisplan som syner måla og innhaldet i praksisperioden. Både praksisgruppa, og den enkelte student, vil få rettleiing i førebuing av undervisning, undervegs- og i etterkant av gjennomført undervisning. Her er det viktig å vektlegge god tid til refleksjonar i praksisgruppa. Her vil det og vere fokus på korleis du fungerer i samspel med elevar og dei andre vaksne.

Vurdert praksis:

Arbeidet du gjer i praksis vil bli vurdert, og du får tilbakemeldingar på kva du meistarar og kva du må jobba vidare med. Denne tilbakemeldinga skal vera kontinuerleg, og ein del av rettleiingstimane. Målet er at du skal få framovermeldingar som du kan bruke når du og medstudentane dine planlegg nye undervisningsøkter eller anna arbeid. I tillegg til den vurderinga praksislærer gir, skal du også vurdere deg sjølv og medstudentar. Her skal du nytta prinsipp frå *vurdering for læring*. I praksisperiodane vil kvar student få individuelle rettleiingstimar. Praksislæraren vil ha samtale med deg i god tid før praksisperioden er slutt, dersom det er nokre av måla i praksisen du har problem med å nå. Då skal de saman laga ei plan for korleis desse måla kan bli nådd. Midt i praksisperioden er det midtvegsvurdering, der du, medstudentane dine og praksislærer deltek. I slutten av perioden vil du få ei avsluttande vurdering, med ei framovermelding. Det blir gitt summativ vurdering i slutten av praksisperioden (bestått/ikkje bestått). I tillegg får du ei formativ vurdering som kan hjelpe deg i framtidige praksisperiodar. Vi legg vekt på at du skal få variert, rettleia og vurdert praksisperiode der du opplever progresjon i forhold til eiga utvikling. Innhaldet vil, som sagt, variere ut frå kor langt du er komen i eiga utdanning og den erfaringa du har frå før. Saman skal vi hjelpe kvarandre med å knyta saman teori og praksis med felles målsetting om å leggja best mogleg til rette for læring for deg som student, elevane og lærarane her på Engelsvoll.

Målsettinga med praksisen:

Saman med deg, ynskjer vi, å skapa praksisperiodar som kan gi gode vilkår for utvikling i lærarrolla og ein praktisk yrkest teori. Vi vil leggja til rette for at du når måla for læringsutbytte i samsvar med rammeplanen for grunnskulelærarutdanninga 1-7.trinn og 5-7. trinn. (Rundskriv F-05-10).

Hovudfokus for deg som 1. års student vil i haustsemesteret vere lærarrolla og i vårsemesteret er det fokus på elevrolla. Lærararbeidet og den faglege tilrettelegginga for elevane står sentralt. Skulen si *Handlingsplan for trygt, godt og inkluderande læringsmiljø*, er ein naturleg del i arbeide med lærarrolla her på skulen. Som student vil du få erfaring med fagleg tilrettelegging og arbeid med dei grunnleggjande ferdigheitene. Det vil vera naturleg å diskutera elev- og lærarrolla ut frå ny læreplan (Kunnskapsløftet 2020).

I 2. Studieår er det fokus på enkelteleven, elevmangfaldet og eleven sitt møte med skule og fag. Det vil vera spesielt fokus på tilpassa opplæring.

3. og 4. studieåret vil du saman med oss arbeida vidare med tema frå 1. og 2. året, samstundes som vi ser på skulen som organisasjon og det profesjonelle læringsfellesskapet. I tillegg vil me ha fokus på samarbeid med føresette og andre sentrale instansar i og utanfor skulen.

Tverrgående team

DEN ENGASJERTE ELEVEN i metodeval, oppgåveval og organisering:

Tidleg innsats, grunnleggjande ferdigheiter, inkluderande undervisning, trygt, godt og inkluderande læringsmiljø:

- På sporet – intensiv opplæring i lesing og skriving for elevar som står i fare for å bli hengande etter i opplæringa
- Relasjonar, venskap og samarbeid, klasseleiing
- heim-skulesamarbeid
- læreplanforståing

Fyrste dag i praksisperioden:

Parkering	Dersom de køyrer til skulen, må de parkere på parkeringsplassen ved Engelsvoll barnehage.
Oppmøtestad	Kl. 08.30 i administrasjonen, der du får møte leiinga ved skulen. Der vil du få informasjon om taushetsplikt og praksisplan mm.
Legge studentar inn i IST	Skulekonsulent Wenche Ruud
Utlevering av nøkkelbrikke	Skulekonsulent Wenche Ruud
Utlevering av Ipad, datatilgang ol	IKT-ansvarleg Njål Sikveland
Omvisning på skulen	Praksislærer, rektor

Tilsyn

- Elevane på Engelsvoll skule er våre elevar og vårt felles ansvar
- Når vi har tilsyn skal vi bevege oss blant elevane, vi skal «skanne» uteområdet, vi skal involvere oss positivt, oppmuntre til leik og aktivitet og handtere situasjonar som oppstår
- Nokre av elevane våre har særskilt tilsyn. I tilsyn skal vi alle likevel vere merksame på og melde frå om vi observerer noko, både positivt og negativt
- Vi er synlege med **gul vest**, oppfordrar alle til å ha namn på vesten
- Ved oppstart nytt skuleår og måndag etter feriar (haustferie, juleferie, vinterferie og påskeferie) er vi alle ute i friminutta. Vi ordnar pause på stega.

Dagsrytme

Skuleåret 2023/2024

Tid	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.30 - 09.45	75 min	75 min	75 min	75 min	75 min
Pause 15.min					
10.00 -11.15	75 min	75 min	75 min	75 min	75 min
Pause 30 min					
11.45 - 12.45	60 min	60 min	60 min	1 – 4, 60 min. 5 – 7, 105 min (kl 13.30)	60 min
Pause 15.min 10 min 5-7 mån+ons					
13.00-14.00 1-4	60 min		60 min		5 - 7, 60 min
12.55-13.15 Fysak 5-7 steg	45 min		45 min		
13.15-14.00 5-7 Mån+ons					

Nyttige lenker:

Samhandling – med blick for barn og unge i Klepp

Grunnlaget for samhandling kring barn og unge i Klepp kommune:

- Kvalitetsplan <https://klepp.samhandlingsmodell.no/kommuneniva/kvalitetsplan-for-barn-og-unge/>
- Grunnmuren <https://klepp.samhandlingsmodell.no>
- Kleppmodellen <https://klepp.betreinnsats.no/kleppmodellen/>
- Ordensreglement for skulane Klepp <https://www.minskole.no/DynamicContent//Documents/514-engelsvoll-Ordensreglement-gjeldane-fr%C3%A5-01.08.19-77e96f61-0199.pdf>

Arbeidstid lærerar i 100% stilling:

Dag	Tid stades	Kva	Tid	Merknader
Måndag	8.15-15.30	Morgonmøte Faggrupper Komitearbeid Lesebestilling til PU Kursing Tidleg innsats	8.15-08.30 0,25 t 14.15-15.30 1,25 t	Rektor "eige" tida til kompetanseutvikling og liknande
Tysdag	8.15 -15.15	PU-tid	13.00-15.15 2,25 t	Pedagogisk utviklingsarbeid Kompetanseutvikling
Onsdag	1.-4.: 8.15 - 14.45 5.-7.: 8.15 - 14.00			
Torsdag	8.15-15.30	Avdeling Steg	13.30-14.45 14.45-15.30 2 t	Innhaldet er styrt av rektor Fokus på elevar
Fredag	1.-4.: 8.15-13.00 5.-7.: 8.15-14.00			
Sum	33 t		5,75t	

Ansvarsliste ved akutte hendingar som brann, skader, og liknande

ANSVARSLISTE VED AKUTTE HENDINGAR:

Namn:	Stilling / funksjon	Telefon
Linda Refvik	Rektor	997 09 603
Mette Johnsen Monge	Avdelingsleiar	913 20 376
Ellen K Simonsen	ATV	924 09 113
Karoline Otine Finden Barka	SFO-leiar	974 69 992
Asgeir Vikedal	Byggdrifter	905 34 662
Wenche Ruud Johanson	Saksbehandlar	900 16 920
Inger Ø. Lode	Styrar i Engelsvoll bhg	915 63 046

Nødnummer:

Brann 110

Politi 112

Lege/ ambulanse 113

Branninstruks

- Rektor/vaktmeister skal føra protokoll over all instruksjon, brannøvingar, feil, vedlikehald m.m.

Dei skal og gjera personalet kjende med plasseringa av brannutløysaren, brannsløkkingsutstyret og rømmingsvegar.

Opplæring av personalet ein gong i året, ved skulestart og etter nyttår.

Alarmer, sløkkingsutstyr og evakuering.
- Varslinga skal skje strakt brann vert oppdaga. Løys ut nærmaste brannmeldar i bygget (skal gjerast av den som oppdagar brannen).

Varslinga skjer med korte støytar i skuleklokka.

Brannvernet vert automatisk varsla via brannsentral. (Plassert ved hovudinngangen).
- Ved alarm stiller steget straks opp for utmarsj.

Ein tek ikkje med utstyr frå klasserom. Elevane går raskt ut i samla rekkje.

Ansvarleg for undervisinga går ut sist, og kontrollerer at alle elevane kjem ut og at alle vindaugo og dører er lukka.
- Er utgangen sperra, må alternative utgangar/rømmingsvegar nyttast.

- Elevane stiller opp stegvis på fotballbanen på anvist plass for kontroll. Oppstilling i trygg fråstand frå skulebygget.
- Rektor/vaktmeister går til brannskap i vestibylen ved hovudinngang. Her får ein oversikt over kor det brenn (soneområde).

Ved feilmelding må ein ringe brannvesenet og gi melding om dette (110).

Brannvarslinga blir stoppa ved å fylgje informasjon i døra på skapet.

- Denne instruksjonen skal hengje i klasseromma. Instruksjonen skal ein gå gjennom fire gonger i året saman med elevane.
- Brannøvinga skal haldast to gonger i året.



Tiltakskort

Truande hendingar: Lærer og anna personalet

Med ein truande hending forstår me:

1. Ein trusselsituasjon (t.d. bombetrussel).
2. Ei reel hending under utvikling (t.d. skyting).

Ingen situasjonar vil vera like, slik at kvar hending må vurderast særskild.

Akutt	
 Trussel situasjon	 Reell hending
<p>1</p> <p>Varsle rektor tlf 997 09 603 Gje opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kven meldar, kvar du er. • Kva har skjedd, kva går trusselen ut på? <p>Dersom du ikkje får kontakt med rektor eller andre i administrasjonen, varsle politiet på 112.</p>	<p>Varsle politiet på 112 Gje opplysningar om:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kven melder, namn på skule, adresse, telefonnummer. • Kva har skjedd? • Kva skjer akkurat no? • Korleis ser gjerningsmannen ut, kor mange, dersom dette er kjent. • Eventuelt type våpen, dersom dette er kjent • Kvar i skule er gjerningsmannen sist observert? • Anna politiet ber om. <p>Sett i gang livbergande fyrstehjelp.</p> <p>Varsle rektor på tlf 997 09 603</p>
<p>2</p> <p>Vurder om det skal gjevast ordre om følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Evakuering – Når forholda blir oppfatta som tryggare utanfor bygningen enn inne. Elevar og tilsette skal med ein gong forlate bygningen. Vurder nøye kor dei evakuerte skal møta. b. Bli værande – Når forholda blir oppfatta som tryggare inne i bygningen enn utafor. Elevar og tilsette skal gå til plassar i bygget som er trygge frå utsida. 	

	c. Lås dørene – Når ein person/situasjon utgjer ein trussel i bygget. Alle ytterdører/ og låsbare innvendige dører skal låsast. Elevar og tilsette skal bli verande på staden.	
3	Tell elevane og ha kontroll. Elevar som er i andre rom blir samla saman med dei andre.	
4	Dersom elevar og personale blir verande inne: <ul style="list-style-type: none"> • Få oversikt over elevane og rapporter til rektor. • Snakk med elevane. Vurder ut frå alder og modning kva og korleis. 	Dersom elevar og personale blir verande inne: <ul style="list-style-type: none"> • Lukk og lås alle dører og vindauge. • Trekk for gardin, persienner. • Skru av alt lys. • Be elevane legge seg ned på golvet, mot ein solid vegg. Ver stille. • Få oversikt over elevane, rapporter til rektor.
Haster		
5	Vurder om og korleis melding kan gjevast til andre tilsette.	
6	Gje omsorg til elevane.	
Kan venta		
7	Det er rektor, eller den rektor utpeikar, som skal snakka med media.	
8	Førebu kontakt med føresette.	
9	Vurder behov av psykososial oppfølging av elevane.	
10	Førebu overgang til normalsituasjonen.	
11	Utarbeid rapport til rektor.	